

Haustmælingen (gnr. 85)

Haustmælingen: Gardnavn som frå først av var brukt som namn berre på ein mindre del av garden.

I skrivne kjelder vil ein kunne finne garden nemnt i eit diplom av 1471. Dokumentet er skriva i Øyer prestgard, og det fortel at Torfinn Roarsson Der vitna at han hadde selt til Botolf Alfsson 2 øresbol jord i Berge og 11/2 øresbol i Hausmæringom i Faaberg. O. Rygh skriv om den forma av namnet som her er nytta er det truleg skulle vore Hausmælingar.

Hundre år seinare var "Høstemælingh" vorte kyrkjegods og låg med ei landskyld av 3 skinn til "Lille Hammaers Annexe". Frå 1610 går det fram at "Høstmelling" var bondegods og låg med 4 skinn til Peder Berge i Stor-Berge. Elleve år seinare vart "Høstmelling" ført under "Ødegaarder", og brukaren der heitte då Torben Høstmelling. Torben var og brukar av Haustmælingen i 1630. Han svara da jordskatt med 1 dlr. Som t. d. Lukas Mollenn. Men i 1657 var Oluff Høstmeling vorte bonde på garden, og han hadde da eit husdyrhald på 2 hopper, 4 naut, 1 Geit og 3 sauer. Av matrikkelen av 1668 går det tydeleg fram at det har vorte 2 oppsittarar på garden. Peder Høstmellingen på "Høstmellingen Ødegaard under Langsett", som svara ei ½ hud i landskyld og "Høstmelingen – 1 Hud". Den sistnemnde garden tilhørde da Niels Lauridzen Toller, men vart brukt av leiglendingen Oluf. Av Høstmellingen Ødegaard åtte Fåberg prestebol 3 skinn og Bonden Peder sjølv dei andre 3 skinn. Om Haustmælingen av 1 hud er det elles fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hester og 3 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tn. Det er elles opplyst at Haustmælingen hadde skog til gard nytte og seter og sommerbeite åt krøtera på Nordsetra. Gamle dokument fortel elles om fleire handlar med Haustmæling-gardane på slutten av 1600-talet. Men i 1714 går det fram at Asbjørn Syversen hadde fått skjøte på "Høstmehlingen" av skyld 1 hud, som han hadde kjøpt av George Catrine Reichwein.

Meir om gardane går fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Høstmelling" fortalt at husdyrhaldet i den tid var 2 hestar 10 naut 10 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæden var kring 3 tønner bygg. Det er opplyst at garden hadde skog til brenneved og gjerdefang, god hamn på setra, men ingen Utslåttar. Haustmælingen hadde vidare si eiga kvern, men ho vart brukt "ichun til huus-nøt": Landskylda av dette Haustmælingen var framleis 1 hud, og eigar og brukar av garden var også da Asbjørn Syversen. – Bruket "Høstmellingen Engeland" låg derimot under Langset som før. Til dette bruket hørde og det jordegodset i Haustmælingen som lenge hadde vore kyrkjegods under Lillehammer anneks.

Asbjørn Syversen og kona hans, Inger Svendsdotter, valde å skifte med borna sine medan båe foreldra var i live, og den 25. April i 1733 var det så skifte i "Høstmellingen". Ved dette skifte vart jordegodset i garden verdsett til 150 rd, og arvebuet utgjorde brutto 214 rd. og netto 158 rd. Arvingane ved skiftet var dei 2 borna i ekteskapet og dessutan ein Alf Olsen. Borna var to døtre, og av dei var Eli gift med Lars Christensen og budde på Haustmælingen. Søstera Marit var og gift, nemleg med Arne Iversen Gjørlien.

Den nye husbonden, Lars Christensen, var ein driftig og dugande kar som sette sterke merke etter seg på den gamle garden. Vi skal her ta med litt frå livssoga hans:

Lars Haustmælingen, som vi her kallar han, var altså gift med dottera på garden Eli Asbjørnsdtr., og dei fekk fleire born. Det var Asbjørn f. 1729-30, Christen f. 1732, Gunhild f. 1734, Inger f. 1736, død som barn, Kari f. 1738, Inger f. 1740. I eit skjøte frå same året som det var skifte, altså i 1733, går det tydeleg fram at Lars alt da åtte heile garden Haustmælingen av skyld 1 hud.

Av 14. April 1745 er eit auksjonsskjøte som gjeld Haustmælingen under Langset av skuld 3 skinn. "Leilendingen eller brukeren Christen Søndre Langset" fekk da skjøte på dette bruket "tilhørende Lillehammer anneks" for 140 rd. Tre år seinare gav i 1748 Christen Langset skjøte til sonen Even Christensen "paa englandet Høstmælingen, skyld 3 skind" for 100 rd. To år etter vart det i 1750

oppsett ei skriftleg kontrakt mellom grannane i Søre Ål om sameige og sambruk i hemrastene. For garden Haustmælingen var det framleis Lars som skreiv under. Kontrakten er elles avskrive for dette verket under garden Breisett. – Etter å ha vore eigar og brukar av Haustmælingen av skyld 1 hud gav så i 1760 Lars Christensen skjøte til eldste sonen sin Asbjørn Larsen og kona hans Kjersti Amundsdotter og arvingar på ”grd. Høstmælingen skyldende 1 hud” for 300 rd. + føderåd til foreldra. Men ulykka var ute, og i 1764 døde husfrua Kjersti Amundsdotter etter at ho dagar før hadde født ein son, som vart døypt Amund.

Den unge enkemannen Asbjørn Larsen Høstmælingen gifta seg oppatt med Ragnil Larsdr. Sme, og dei fekk fleire born. Det var: Lars f. 1767, Christen f. 1770, Einar f. 1774 og Ole f. 1777. – I denne tida er det elles opplyst at eit anna ektepar, Peder og Eli budde ved Haustmælingen og i 1764 fekk dottera Lisbet.

Asbjørn Larsen hadde Haustmælingen til i 1789. Da skjøte han garden til eldste sonen Lars f. 1767 for sum 500 rd. og føderåd. Samtidig gav og Asbjørn skjøte til sonen sin Christen f. 1770 på ”en under gården Høstmælingen forhen henhørende plads Sveen kaldet tillikemed et engestykke nordenfor Akeren, et stykke eng nedenfor den lille hølade i akerjordet, item et stykke i sæteren tillikemed havn hjemme og i seteren medgårdens kreature og videre hvilket ved den under dags dato avholdte skyldsetningsforretning er skyldlagt for 1 skind, for sum 100 rd. I samsvar med dette vart så skylda på hovudbruket Haustmælingen med det same nedsett til 11 skinn. Forholdet mellom desse brørne Lars og Christen var visstnok alltid det beste, og i 1793 vart dei samde om byte av nokre engestykke mellom garden Haustmælingen og plassen Sveen.

Derimot hadde Lars Haustmælingen i 1795-96 ei sak med major Falck. Saka, som var fore på fleire ting, er elles etter utskrift av tingboka ref. slik:

”Fåberg 16. febr. 1795.

Major Falck har innstevnt Lars Høstmælingen til å høre vidner m. m. ang. en del for citenten på en voldsom måte oppbrent brennefang. Saken utstår til neste sommerting, da de innstevnte vidner forelegges å møte.

Fåberg 19. Juni 1795.

De to første vidner sa at veden var hugget i Lars Høstmælingens hestehage. Det tredje mente at den var hugget der hvor majoren pleiet å hugge sin ved. 1. vidne hadde hørt innstevnte si, at det gjorde vel ikke noget om veden ble brent. 3. vidne hadde hørt ham si at de skulle ikke ha nogen nytte av veden. Utsatt til høsttinget.

Fåberg 9. Oktb. 1795.

Ingen møtte.

Fåberg 17. Febr. 1797. Dom inf. i dompr. 2 fol. 119:

Major Falck har til bevis for sin siktelse fremlagt et tingsvidne sl. Juni 1796, men av dette utkommer intet bevis. Ti kjennes for rett: Lars Høstmælingen frifinnes for citantens tiltale”.

Av 1797 er elles eit odelskjøte frå halvbroren Amund Asbjørnsen til broren Lars Asbjørnsen på odelsretten til Haustmælingen for 399 rd. I samband med denne handelen lånte vidare Lars Asbjørnsen 350 rd. av Peder Jørgensen Hammerseng mot pant i Haustmælingen av skyld 11 skinn. Truleg for å skaffe seg pengar selde så Lars Asbjørnsen ”en del jord under Høstmælingen” for 550 rd.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 på og/eller ved Haustmælingen. Det var:

1. Familie:

Lars Asbjørnsen, husbonden, 43 år, 2. Lisbeth Matdtr., kona hans, 40 år. 3. Kjersti, dotter deres, 18 år, 4. Asbjørn, son deres, 13 år, 5. Eli, dotter deres, 11 år, 6. Martha, dotter deres, 5 år, 9. Inga Halvorsdtr., legdkvinne, 72 år.

2. familie:

Asbjørn Larsen, far til husbonden, føderådsmann, 72 år, 2. Ragnhild Larsdr., kona hans, 72 år.

3. familie:

Lars Christensen, husmann med jord, 40 år, 2. Sønnøv Olsdr., kona hans, 37 år, 3. Christen, son deres, 7 år, 4. Ole, son deres, 3 år.

4. familie:

1. Amund Asbjørnsen, halvbror til husbonden, husmann med jord, 37 år, 2. Anne Pedersdr., kona hans, 36 år, 3. Asbjørn, son deres, 9 år, 4. Kjersti, dotter deres, 7 år, 5. Gjertrud, dotter deres, 4 år, 6. Peder, son deres, 1 år.

Dessuten budde da denne familien framleis i Haustmælingssveen:

1. Christen Asbjørnsen, bror til husbonden, husmann med jord, 31 år, 2. Mari Christensdr., kona hans, 24 år, 3. Christian, son deres, 3 år, 4. Asbjørn, son deres, 6 år.

Den 7. Desb. 1801 gav elles Lars Asbjørnsen tinglyst skjøte til halvbroren Lars Asbjørnsen på grd. Høstmælingen for 799 rd. I dei år som så kom utvikla det seg elles til ein langvarig og vond strid om odelsretten til Haustmælingen. Om dette handlar ei sak som var fore på tinget i 1812, og som etter utskrift er framstått slik: "Haustmælingen i Fåberg. Månedsting 29. jan 1812. Asbjørn Larsen med kurator Ole Iversen Langset lot levere en tingsvitnestevning, hvorved Torstein Jørstad er innstevnt. Innstevntes sakfører motsa så vel citantens odelsrett, som anførslerne i stevningen om rett til å innløse eiendommen for 700 rd. Christen Holen, som var innstevnt, lot møte ved sin bror Thomas Bjørstad.

Vidnerne forklarte at forliket hadde været slik at Christen Holen skulde betale Torsten Jørstad 750 rd. og derimot beholde grd. Høstmælingen. De visste ikke om Christen Holen handlet for sig selv eller for andre. Lars Asbjørnsen brukte visstnok eiendommen i 10 år.

Citantens sakfører fremla Asbjørn Larsens skjøte til citantens far Lars Asbjørnsen av 1789, avskrift av Lars Asbjørnsens skjøte på Høstmælingen av 1800 og Lars Asbjørnsens skjøte til innstevnte Torsten Jørstad på Høstmælingen av 1802. Tingsvidnet ble deretter sluttet."

Etter dette gav i 1816 Torsten Nordre Jørstad skjøte til Asbjørn Larsen på "gårdeparten nordre del av Høstmælingen for 1800 rbd.", - riksdaler i samband med ugreia innen pengestellet i den tida.

Litt meir om storleiken på dei 2 haustmæling-gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Det er m. a. opplyst at buskapen av store husdyr på sølre Haustmælingen i den tid var 3 hestar, 15 naut, og den årlege kornavlinga var ca. 136 tønner. På Haustmælingen nordre var da dei tilsvarande tal 1 hest, 3 naut og kornavlinga ca. 3 tn.

I 1825 er søre Haustmælingen gitt kjennemerket brn. 1, og vart da seld av Lars Asbjørnsen til Jens Peter Schey, som i fleire år budde på eller ved Haustmælingen. Av yrke var Peter Schey i denne tida furer, og kona hans, fru Martha Iversdr. Var født Lysgaard. Men i 1836 var husfrua Martha Iversdr. Schey død, og det var arveskifte på "Høstmælingen". Ved dette skiftet vart "boet eiende gård Høstmælingen" taksert for 1 000 spd., og boet omrekna i penger utgjorde brutto 1607 spd. og netto 812 spd. Arvingane ved skiftet var foruten enkemannen Jens Peter Schey dei 5 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Iver Dominicus, 14 år, 2. Ole Reinhardt, 10 1/2 år, 3. Ellen regine, 3 år, 4. Ingeborg Mathea, 4 1/2 år, 5. Elise Maria, 1 1/2 år.

Ved skylddelinga av gardane i 1839 vart det matrikkelført 3 løpenr. under Høstmælingen. Det var a. løpenr. 220 Høstmælingen søndre av ny skyld 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, som John Bechen da hadde overtatt. b. løpenr. 221 Høstmælingstuen, skyld 4 ort 7 skilling, som tilhørde Asbjørn Christensen, c. løpenr. 222 Høstmælingen nordre av ny skyld 1 dalar 17 skilling, der Asbjørn Larsen var oppsittar.

To år seinare var det i 1841 dødsbuskifte på "Søndre Høstmælingen". Den døde var også denne gongen husmora der, men i dette tilfelle John Bechens hustru Mathea Børresdr. Ved dette skiftet var

aktiva i buet 840 spd. og passiva, gjelden 1301 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen John Bechen dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Henriette Marie da 9 år, Birgitte var 7 år, og Christian Ludvig var 7 mdr.

John Bechen hadde i 1836 kjøpt søre Haustmælingen ved auskjon. Men i 1841skjøta han garden vidare til Erik Lysgaard., som same året selde Haustmælingen brørne knut og Lars Morterud. – Brørne Morterud delte garden i to og selde den eine halvparten til Simen Rønning og den andre halvparten til Ole Kristensen Røslie.

Eit tredje bruk ved Haustmælingen var Haustmælingsstua eller Røslistua, som bruket og vart kalla. Dette bruket gjekk i arv frå far til son i fleire ættleder. Asbjørn Larsen, som hadde bruket i 1780, gav da skjøte til sonen Asbjørn Kristensen, som var oppsittar der til i 1855. Ved ein handel med Haustmælingstua det same året er det opplyst at bruket Mæhlumsenga og var med i kjøpet. Kjøpesummen for både brukta tilsaman utgjorde da 696 spd. Ein parsell av Haustmælingstua, brn. 5 Elveringen, var elles skyldsett ifrå og vart selt til enka etter Kristen Kristensen, Eli Evensdr. Alfonsaugen, for 20 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Haustmælingen fortalt at denne eignedomen da var delt i 6 bruk. Det var: 1. Haustmælingen nedre, som Ole Olsen hadde. Der var det da eit jordbruksareal av åker, eng og og seterlykkjer på tils. 54 mål, og av dette var 17 mål jord av 1. klasse. 2. På Haustmælingen øvre, som Ole Larsen var eigar og brukar av, var dei tilsvarande areal 50 mål og 28 mål. På Haustmælingen nordre med Asbjørn som oppsittar var tala 56 mål og 12 mål. 4. På haustmælingshaugen var det samla jordbruksareal 17 mål og av det 4 mål av 1. klasse, 5. Og i Haustmælingstua ell. Røslistua dei tilsvarande areal 41 mål og 11 mål. 6. På Elveringen var det i den tid berre ikring eit ½ mål jord av 1. klasse.

Ole Olsen, som brukte Haustmælingen søre i 1865, hadde garden framleis i 1895. Han gav da kontrakt til Skogen manns- og kvinnemissionsforening på 1 mål jord til tomt for eit missionshus mot årleg avgift 25 øre. Det var elles på det vilkår at viss missionshuset vart selt, skulle det vera til bortflytting, og tomta skulle falle tilbake til eigaren av garden.

Haustmælingen søre brn. 2, tilhørde i 1865 Ole Larsen. Han brukte garden til i 1871, da han gav skjøte til svigersonen Ole Hansen. I 1910 var det elles skylddelingsforretning, og ein parsell brn. 7 Viuhaugen vart fråskilt og selt til Ragnhild og Julie Gudbrandsen for kjøpesum 350 kr.

Bruket Haustmælingstua ell. Røslistua låg i 1865 til Kristen Asbjørnsen, men han gav i 1891 skjøte til sonen Iver Kristensen på Haustmælingstua med Mæhlumsenga for kjøpesum kr. 2 000,- + føderåd av 5-årleg verdi 300 kr. Vidare tek vi her med at i brn. 6 Haustmælingen nordre var det i 1874 Asbjørn Hansen Haustmælingen som hadde heimel på garden. Men same året gav han så skjøte til sonen sin, Andreas Asbjørnsen.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. – Haustmælingen i Fåberg fekk da grn. 85 av samla skyld 10,36 mark, og det var der framleis 6 brn. Under grn. 85 Haustmælingen. Det var: 1. Grn. 85, brn. 1 Haustmælingen søndre av skyld 3,14 mark, eigar ell. brukar Ole Olsen, brn. 2. Haustmælingen søndre av skyld 3,88 mark, eigar ell. brukar Ole Hansen, brn. 3 Haugen, skyld 0,49 mark, eigar ell. brukar Johannes Pedersen, brn. 4 Stuen, skyld 1,15 mark, eigar ell. brukar Kristen Asbjørnsen, brn. 5 Elveringen, skyld 0,06 mark, eigar ell. brukar Kristen Olsen, brn. 6 Haustmælingen nordre, skyld 1,64, eigar ell. brukar Andreas Asbjørnsen.

Ole Olsen nedre Haustmælingen brukte garden til i 1902. Da skjøta han Haustmælingen til sonen Karl Olsen for kjøpesum kr. 8 000,- + eit føderåd av 5-årleg verdi 1 000,- kr. På brn. 3 Haustmælingshaugen var i 1902 Johannes Pedersen død, og hans einaste arving, Peder Johansen, selde garden til Anton Mathiasen Haug for kr. 2 500,-. På brn. 4 Haustmælingstuen var det i 1890-åra

fleire handlar med garden. I 1891 gav såleis Kristen Asbjørnsen skjøte til sonen Iver Kristensen på denne eigedomen med Mæhlumsengen for kjøpesum 2000 kr. + føderåd for 5-årleg verdi kr. 800,-. Iver Kristensen Røslituen, som han og er kalla, hadde så denne eigedomen til i 1895. Da gav han sakfører Ingvald Schey fullmakt til å selja Haustmælingstua m/ Mæhlumsenga til Kristian Asbjørnsen Røslien for sum også 2000 kr. Kjøparen skjøta elles dette bruksnr. straks vidare til møller Johan Johannessen for same sum kr. 2000,-. Vidare gav så i 1897 møller Johannessen skjøte til hans Johannessen Rud på Haustmælingstua m/Mæhlumsenga for framleis kjøpesum 2000 kr. Dette førde til at i 1899 gav Hans Rud v/innkassat Børke som verge skjøte til Peder Johannessen Haustmælingshaug på grn. 73 brn. 2 Mæhlumsengen for kjøpesum kr. 6 000,-.

På grn. 85 brn. 5 Elveringen hadde i 1895 Kristen Olsen Alfonshaugen skjøta bruket til sonen Anton Kristensen for sum 400 kr. + føderåd. Anton Kristensen hadde så denne eigedomen til i 1898, da han skjøta Elveringen over til Mathias Kristiansen Langsethagen for kjøpesum 1 150 kr.

På grn. 36, brn. 6 Haustmælingen nordre brukte Andreas Asbjørnsen garden framleis i 1897. Han gav da leigekontrakt til Kristian Andersen Askjelrud på bruksrett over eit skogstykke til opplagstomt.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1901 i alt 12 personar med røysterett på og/eller ved Haustmælingen. Det var: 1. Ole Hansen, gardbrukar på Haustmælingen øvre, 57 år, 2. Johanne, kona hans, 56 år, 3. Ole Olsen, gardbr. på Haustmælingen nedre, 67 år, 4. Kristine Olsdr., kona hans, 62 år, 5. Andreas Haustmælingen, gardbr. på nordre, 51 år, 6. Hans Olsen, gardbrukarson på øvre, 27 år. Dessutan i Røyslistuen desse: 1. Peder Johannessen Haugen, brukar, 43 år. 2. Annetta, kona hans, 38 år, 3. Kristen A. Røyslistuen, føderådsmann, 79 år. 4. Kristine Evensdr., kona hans, 73. Ein merker seg at dette var i den tid røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar med Haustmælingen i seinare tid tek vi elles med at i 1911 hadde Hans O. Haustmælingen overtatt brn. 2 Haustmælingen søre, og Olaf Johannessen hadde kjøpt brn. 8 Myrløkken. Brn. 7 Viuhaugen tilhørde Ragnhild og Julie Gudbrandsen, og fru Ørbeck kjøpte i 1914 brn. 9 Rabben. Brn. 10 var i 1917 overtatt av Anton A. Høstmælingen, og brn. 11 Indre Grøtåsteig vart seld til Thv. Roverud. Ole og Erling H. Høstmælingen kjøpte i 1935 si hotelltomt brn. 12, og Hans O. Høstmælingen kjøpte i 1936 si hotelltomt brn. 13. Same året kjøpte og Julie Gudbrandsen brn. 14 Dueslaget.

Ved jordbrukstellinga i 1939 var det blitt 16 bruksnr. under gardsnr. 85 Haustmælingen. Blant desse 16 brn. var det da 5 gardsbruk med ei jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a.

Grn. 85 brn. 1 Høstmælingen med eit jordbruksareal av ca. 60 mål, som Karl Høstmælingen da var eigar og brukar av. b. brn. 2 Høstmælingen, areal ca. 70 mål, eigar og brukar: Hans Høstmælingen, c. brn. 3 høstmælingshaugen, areal ca. 30 mål, eigar og brukar: Anton Haug, d. brn. 4 Røslituen, areal ca. 40 mål, eigar og brukar: Oskar Ågaard, e. brn. 6, 10 Høstmælingen, areal ca. 70 mål, eigar og brukar: Sverre Høstmælingen.